

Sp  - vær folk  
i heile Norge



# HEILE BOKN

[senterpartiet.no/bokn](https://senterpartiet.no/bokn)

## Kommunestyrekandidatar



Osmund Våga



Egil Magne Våga



Sandra Jøsang



Bjarne Nedrebø



Catharina Øvrebø



Eirik Nilssen

7. Amalie Våga  
8. Torfinn M. Alvestad  
9. Ana Maria Stef

10. Harald Øvrebø  
11. Emilie M. Eikje  
12. Tommy Grønnestad

13. Joachim Are  
14. Harry Vågshaug

# Me trur på heile Bokn

## Perioden som har vore

Senterpartiet er godt nøgd med alt som har skjedd i Bokn denne perioden. Me takkar for tilliten partiet fekk ved valet i 2015 og samarbeidet som har resultert i mange investeringar: Til dømes nytt vassverk, renovering og utviding av sjukeheim, nye omsorgsbustader, og parkeringsplass ved kyrkja. Vegen til Trosnavåg er oppgradert, arbeidet med Føresvikvegen er utført, og det er kome lys på naturstien. Vårt mål er at Bokn skal være ein god kommune å bu i med tenestar av toppkvalitet, samt ansvarleg økonomisk styring. Senterpartiet meiner Bokn har best høve til dette som eigen kommune. Me meiner me har levert gode resultat denne perioden, og håper du vil gi Senterpartiet di stemme så me kan halde fram med vårt arbeid for alle i Bokn.

### Ein god kommune å bu i

- Som innbyggjar i Bokn skal du oppleve åpenheit og demokrati
- Som innbyggjar i Bokn skal du kunne velje sjølv kor i kommunen du vil bu
- Som innbyggjar i Bokn skal du oppleve kort avstand mellom idé og utføring, gjerne med støtte frå kommunen
- Som innbyggjar i Bokn skal du ha tilgang på tenester av topp kvalitet

### Inspirerande oppvekst

- Ein barnehage av høg kvalitet
- Tilby vidare- og etterutdanning for tilsette som ønsker det
- Ny og moderne skule av toppkvalitet for å førebu elevane for framtida
- Ein skule som sikrar at alle elevar når sitt potensiale, som er ein god arena for læring og utvikling med fokus på trivsel for både elevar og tilsette
- Sikre at born og unge vert høyrde og respekterte i saker som gjeld dei
- Sommarjobb for ungdom

Fullstendig program finn du på [senterpartiet.no/bokn](http://senterpartiet.no/bokn)



### Skapande arbeidsliv

- Jobbe for fleire arbeidsplassar til kommunen
- Vidareføre og styrke næringsfondet
- Få fortgang på næringsområdet i Knarholmen-Sandvika
- Jobbe for at Bokn vert eit knutepunkt for kollektivtransport
- Sikre fiskeoppdrett, fiske og landbruk fortsatt berekraftige vilkår
- Godt samarbeid med næringslivet
- Arbeide for gode vilkår, trygge stillingar og godt arbeidsmiljø for kommunalt tilsette

### Varm omsorg

- Satse på førebygging framfor reparering
- Bidra til at ein kan bu i eigen bustad så lenge ein ønsker
- "Hent meg"-buss for dei som ikkje kan ta seg fram til butikk og andre lokale tilbud
- Auke aktivitetstilbod for alle aldrar og funksjonsnivå
- Bygge vidare på turstinettet og skape fysisk aktivitet for alle
- Styrke rusførebyggjande arbeid
- Eit godt psykisk helsevern for alle aldersgrupper

### Blomstrande kulturliv og sterk dugnadsånd

- Styrke det kommunale frivillighetsfondet
- Eit rikt kulturliv for alle aldrar
- Eit godt tilpassa kulturskuletilbod
- Utvikle ungdomstilbod i samarbeid med ungdommane sjølve
- Kort avstand mellom idé og utføring, gjerne med støtte frå kommunen

### Trygge vegar og god infrastruktur

- Trygge skulevegar for alle
- Utbetre resten av Grønnestadvegen og andre vegar i Bokn
- Utbygging av kommunalt vatn til heile Bokn
- Være aktive i arbeidet med ny E-39, t.d. jobbe for samanhengande sykkelsti mellom Bokn og Aksdal
- Legge til rette for bobilparkering
- Arbeide for gode fordeler for kommunen gjennom Rogfast-prosjektet
- Et betre busstilbud for Bokn

### Ansvarleg økonomisk styring

- Ein forsvarleg økonomipolitikk
- Ikkje innføre eigedomsskatt